

Til Øystein Sørhaug

Ad etablering av Turid Grov Glaskunst på Lindås

Turid Grov og hennar produkt er svært populære og godt kjent i Nordhordland. Ho er ei dreven forretningskvinne, som vil vere ein viktig ressurs i bygda, kanskje særleg i forhold til nye etablerarar eller kunst/kulturbasert næring. Ein skal heller ikkje så bort frå signaleffekten hennar etablering gjev til andre «utflyttarar» og potensielle etablerarar, at ho faktisk ser denne bygda så verdifull at ho etablerar verksemda si her. Verksemda hennar generere også potensielle nye arbeidsplassar.

Turid er eit ope og engasjert samarbeidsmenneske, som allereie er involvert i LivOGLyst-prosjektet her, sjølv om ho per i dag bur i Sandnessjøen. Ho har i fleire år vore aktiv i store arrangement i Lindåsbygda, og så vidt eg forstår, er denne aukande aktiviteten i heimbygda hennar medverkande for at ho no etablerar seg her. Turid er aktivt med i delprosjektet «Sjøparken i Lindåsosane», og vi har diskutert ulike samarbeid og samlokalisering av kulturbasert næring. Blant anna er det ynskjeleg å utvikle produktsamarbeid mellom Turid Grov Glaskunst og Heilt originalt! Dette har vore prøvd tidlegare med stort hell. Ho har allereie eit stort kontaktnett i området.

Turid har vore/er aktiv innanfor ulike prosjekt /næring/kultur nordpå, og har med seg veldig mykje viktig erfaring som både bygda, prosjektet og regionen her kan dra nytte av.

LivOGLyst-prosjektet på Lindås er opptatt av å sjå bygda som ein heilskap som vert sterkare på alle måtar gjennom samarbeid og openheit. Turid er ein viktig ressurs i så måte, både gjennom sitt sterke produkt og kunnskap, men også gjennom hennes vilje og evne til samarbeid og utvikling.

Lindås 8.okt 2014

Mvh Elisabeth Tonheim

- Prosjektleder LivOGLyst
«Lindåsbygda og slusene – Frå oske til Eld»